

Notat

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skreven: 26.08.2005
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Hans Stenby
Saka gjeld: **Tverrfaglig spesialisert behandling for rusmisbrukarar**

Styresak 72/05 O
Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Styremøte 06.09. 2005

1. Rusreforma

Helse Vest RHF overtok det ansvaret som fylkeskommunane hadde innanfor rusvernet frå 01.01.04. Helse Vest RHF trådde samtidig inn dei avtalene som fylkeskommunane hadde med private institusjonar.

Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk blei frå same tidspunkt hjemla i spesialisthelsetenestelova og dermed definert som ei spesialisthelseteneste. Brukarane er pasientar med tilhørande rettar og institusjonane er regulerte i helselovgivinga.

Det blei i samband med reforma gjort eit uttrekk frå fylkeskommunane og kommunane (eigenandeler) basert på rekneskapen i 2002. Med tillegg av prisjustering i 2003 og 2004 og eit mindre påslag fekk Helse Vest RHF overført 233,34 mill. kr. i samband med overføringa av ansvaret.

Dette var ikkje tilstrekkeleg til å dekke driftsnivået i 2004.

Tilleggsbevilgning i revidert nasjonalbudsjett i 2004 medførte at Helse Vest fikk ytterligare 14,5 mill. kr. fordelt på 12,6 mill. kr. til ordnære rustiltak og 1,9 mill. kr. til legemiddelassistert rehabilitering (LAR-tiltak).

Det gjensto då eit avvik på 12,4 mill. kr. som ekstraavgift for Helse Vest i 2004.

2. Nye avtaler

I Helseregion Vest var 9 av 10 tiltak som ble overført til spesialisthelsetenesta ved reforma private. Kun eit tiltak var offentlig drevet (Floenkollektivet). Dette ble overført til Helse Bergen HF.

Det er to LAR-sentre i regionen; Metadonklinikken ved Stiftelsen Bergensklinikkene og LAR-Rogaland ved Frelsesarmeen bo- og behandlingssenter.

Helse Vest RHF ønska å erstatte dei gamle avtalene som blei teke over frå fylkeskommunane med nye avtaler utforma i tråd med dei avtalene Helse Vest elles har med private institusjonar. Helse Vest sa på denne bakgrunn opp avtalene med dei private institusjonane i 2004.

Alle aktørane ble tilbydt nye avtaler etter ein ny felles avtalemål.

Det er oppnådd einighet om nye avtalar med:

- Kalfaret Behandlingssenter
- Askøy Blå Kors klinikk
- Duedalen Blå Kors Behandlingssenter
- Blå Kors Poliklinikk Sandnes
- Rogaland A-senter
- Frelsesarmeens bo- og behandlingssenter (inkludert LAR-Rogaland)

Etter fleire rundar har nå også Bergensklinikkene gitt beskjed om at dei aksepterer ny avtale på dei betingelser som er tilbydt i frå Helse Vest.

Det gjenstår då å komme til semje med Haugaland A-senter. Haugaland A-senter aksepterte i utgangspunktet det forslag til ny avtale som ble tilbydt frå Helse Vest tidlig i 2005. Kort tid etterpå ble det klart at drifta var ute av kontroll. Det ville påløpe eit underskot for 2004 og det ville være nødvendig å tilføre nye midlar i 2005 for å oppretthalde drifta. Styret og daglig leiar mangla oversikt og styring med verksemda.

I forhandlingane har Helse Vest signalisert moglegheit for å auke tilskottet for 2005 forutsett at eigar tek ansvar for underskottet frå 2004 og sørgjer for eit tilfredsstillande styringssystem.

I samsvar med tidligare avgjerd skal Tuastad Gård overførast til Helse Fonna HF. Det vil skje i løpet av hausten 2005.

Inngåing av nye avtaler har så langt medført ein ekstraavgift på 1,5 mill. kr utover nivået i 2004.

Det må i tillegg reknast å gå med omlag 4 mill. kr. å få orden på drifta ved Haugaland A-senter, og full drift av Tuastad Gård i 2005 vil krevje ytterligare 2 mill. kr.

3. Bestillerdokument 2005

Det er i bestillerdokument for 2005 til Helse Vest RHF lagt særleg vekt på å styrke tilbodet innan psykisk helsevern og behandling av rusmiddelmissbrukarar. Helse Vest skal styrke kvaliteten på, og auke kapasiteten i tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelmissbruk. Den prosentvise veksten innanfor rus og psykisk helsevern skal vere sterkare enn innanfor somatikken.

4. Revidert nasjonalbudsjett 2005

Stortinget vedtok å auke løyvinga til rusbehandling med 65 mill. kr. Det ble løyva 50 mill. kr. til å styrke behandlingstilbodet med vekt på å utnytte ledig kapasitet i offentlege og private institusjonar. Gravide rusmisbrukarar som er under legemiddelassistert rehabilitering skulle særleg sikrast. Helse Vest RHF fikk 9 mill. kr av denne løyvinga.

Det blei vidare løyva 15 mill. kr for å auke aktiviteten i LAR-tiltaka (legemiddelassistert rehabilitering). Helse Vest RHF fikk 1,7 mill. kr av disse midlane.

5. Utvikling – kjøp av gjesteplassar

Med rusreforma fekk dei nye pasientgruppene pasientrettar på lik linje med andre pasientar. Det betyr at det skal gjerast ei vurdering av rett til nødvendig helsehjelp og det skal settast ein individuell frist.

Det betyr også at det skal tilretteleggjast for fritt val av behandlingssted tilsvarande fritt sjukehusvalordninga.

Så langt har dette ført til auka kjøp av gjesteplassar utanfor og innanfor regionen.

Det blei i 2004 stipulert med kostnader på omlag 30 mill. kr. til kjøp av gjesteplassar basert på tidlegare erfaring. På bakgrunn av tal for mars og april 2005 kan ein forvente at utgiftene til kjøp av gjesteplassar i 2005 vil ligge på omlag 50 mill. kr.

6. Oppsummering

Rusreforma medførte ein meirutgift for Helse Vest RHF i 2004 på omlag 12,4 mill. kr. Det samla budsjettet var på 260 mill. kr.

Budsjett for 2005 tok utgangspunkt i nivået for 2004 med tillegg av prisstigning, dvs 273 mill. kr.

I samband med inngåing av ny avtaler i 2005, er budsjettet justert med 2 mill. kr. I tillegg er det behov for å tilføre Haugaland A-senter ca. 4 mill. kr. for å rette opp den situasjonen institusjonen er kome i og oppretthalde drifta på dagens nivå med tillegg av 2 døgnplassar. Tuastad Gård får heilårseffekt for 2005 og må tilførast 2 mill. kr.

Med forventa utgifter til kjøp av gjesteplassar betyr dette at Helse Vest i 2005 får ein meirutgift på omlag 28 mill. kr.

Dette er utgifter som i hovudsak er gått til å auke kapasiteten og kvaliteten på tilbodet. Kapasiteten blir auka gjennom kjøp av gjesteplassar, men også ved ei viss utviding av døgnplassar ved Haugaland A-senter og auka aktivitet ved Tuastad Gård.

Det er behov for å styrke fleire deler av tilbodet innanfor tverrfaglig spesialisert behandling for rusmiddelmisbrukarar, mellom anna avrusingstilbodet. I den føreliggande situasjonen blir det føreslått ei tilleggsløyving i revidert budsjett fordelt slik:

- 1,7 mill. kr. til legemiddelassistert rehabilitering blir fordelt på dei to sentra til auka aktivitet.
- 9 mill. kr. til ordinære tiltak blir nytta til å dekke inn deler av forventta meirutgift som følgje av auka aktivitet.

Hans K. Stenby
22.08.05